

på marki veit det ikkje. Den store heri av songfuglar syng for Gud Herren sine jublende songar, men dei veit det ikkje.

Men oss er det gjeve å vera med i den medvitne lovsongen.

Lat oss ikkje gløyma, at sjølv um lovsongen er av himmelsk art, so må han taka til her på jordi.

Er det smått og fatigt med lovsongstenen her, so kjem det av at det er fatigt med kristenlivet i det heile. Kor treng me ikkje um å veksa fram og mognast til å kunne vera med i koret der, som ändernes song skal ljoma for ändernes herre!

«Eg hev herleggjort deg på jordi», var eit av Jesu siste ord.

Kva vilde det segja?

Heile livet hans hadde vore som ein lovsong for Gud, og den lovsongen hadde dei hørt og kjennt, som hadde andelegt øyra.

Kwart einaste kristenliv hev den høge fyrelogga å vera liksom Kristi liv ein lovsong for Gud.

Det er fortalt um Memnonstytta, at når soli rann, so tona ho, og di nærmare ein kom, di sterkeare tona ho.

Kwart kristenliv må vera slik, at det tonar ein song frå det um det som Gud hev gjort. Men først då kann det gjera det, når sol hev runne yver det menneske sitt liv.

Men av di menneskelovsongen skal vera ein medviten lovsong, so er det ein grunntone som først må vakna, den som kjem, når frelsegleda vert fødd i sjeli, jolenattsongen: meg er fødd ein frelsar! Dette er undertonen som aldri må tagna. «Frelsa tilhøyrrer vår Gud, han som sit på truna, og lambet.» Denne songen gjev lovsongen si kraft.

Og so er det noko anna: at Gud

Med dette nummer

vil de finna krav etter skulduge bladpengar. Send so endeleg bladpengane! Bladet treng å få bladgjeld inn, skal det greida seg.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fer for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

ikkje vert ein Gud langt burte, men nær attved.

Di djupare eit menneske får sjå inn i Guds kjærleik, di fullare vil lovsongstonen verta. Me kjenner dei mange millomårsaker som skyt seg inn millom oss og Gud, so det heile berre vil verta naturlover. Men maktast me å sjå Guds styrnad i alt, so gjeng det. Men vert dette tildekt, so svekkjest lovsongstonen.

(Meir.)

Amos Comenius

vart fødd 28. mars 1592 i Comnia i Mähren, studera i Herborn og vart 22 år gammal styrar av ein realskule, som han sjølv hadde grunnlagt, vart so prest i Fulneck, hovudsætet åt dei mähriske brør.

Då trengslone i den trettiårige krigen tok på, laut han røma frå heimen. I Lissa i Polen vart han biskop åt dei mähriske brør, som hadde rømt dit.

Han sette ihop skrifter yver uppseidning. I desse bar han fram nye tankar um ein naturleg, for barnehugen og barnevnene høveleg uppæringsmåte. Han vart ved det grunnleggjaren av den nyare uppærings- og oppsedingskunst.

På hans gamle dagar dreiv religionsforfylgjingar i Polen honom etter ut på vandring. 80 år gammal døydde han 1671 i Amsterdam. På honom høver det ordet: «Mitt liv i uro, mi von i Gud.»

Skatten i huset.

Ein prest Kündig fortel or sine røyslør som sjølesyrgjar um ei fatig enkje, som var sjuk og etter tapet av mannen svært hugtung.

Ei natt drøymde ho, at mannen stod attved sengi og spurde: «Kvi græt du?» Ho svara då: «Korleis kann du spyrgja um det? Du veit då, kor vondt eg og borni dine hev havt det, etter at du gjekk burt.»

Då svara mannen: «So lenge du hev den skatten i huset, tarv du

ikkje gråta», idet han peika på bibelen.

Straks um morgonen tok ho biben. Då trefte ho Job 5, 19: «Seks trengsler bergar han deg or, og i sju skal inkje vondt deg nå.»

Ved desse ordi fekk hennar hjarta trøyst og kraft, hugtyngsla kvarv, og ho fekk ofte røyna, at ordi gjekk i oppfylling både for henne sjølv og borni.

Bladmannaskulen

giev upplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidinger um saki frå inn- og utland, forteljningar o. a. Styd vanføresa-ki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo,

Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.

Fritt og friskt.

Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil.

Stort bladhald.



Nr. 20.

10. november 1934.

46. årgangen.

for, at frelsa kann verta vår.

Evangeliet nemner han fyrst, sanningi um frelsa i Kristus, som han hadde motteke frå Gud. Ein kann forkynna mennesketankar og menneskespekulasjonar. Dei kann nok hava meir eller mindre verd på ymse måtar. Men dei duger ikkje som kjelde til frelsande sanning. Evangeliet frå Gud er den einaste rette kjelde til kristeleg kanning og skyn, til kristeleg kunnskap.

Dei kristne i Korint stod i føre for å ausa av andre kjeldor, *av menneskeleg visdom*. Grekarane sokjer visdom, segjer Paulus i dette same brevet (1,22). Dette var deim so i kjøtet bore, at dei hadde vandt for å koma frå det. Difor var og Paulus just i Korint so redd å fara med det som dei kunde kalla visdom. «Eg kom ikkje med meister-skap i ord eller visdom og forkynnte dykk Guds vitnemål. For eg vilde ikkje vita noko imillom dykk utan Jesus Kristus og honom krossfest — — Og mitt ord og mi forkynning var ikkje med menneskeleg visdoms yvertalande ord, men i framsyning av ande og kraft». K. 2, 1 og 2 og 4. Sjølv ein so god mann som Apollo synest å hava vore utsett for påverknad av dette drag mot menneskeleg visdom hjå grekarane, so evangeliets einfelde heldt på å verta yverskygt av vise ord.

Mot denne utglidingi ropar Paulus her sitt varsku. Attende til dei gamle sanne kjeldor, den store hovudsak!

Det er tri ting han peikar på som hovudsaki i kristendomen: Evangeliet, uppstoda frå dei daude, kanning av vår vesaldom som vilkår

kjelda med er mannatanken god og naudsynleg. Men kjelda, det er berre evangeliet, det openberra ordet.

Når ein søker kjelda i sin eigen barm, då er det ein vildrar seg burt på avvegar, finn på dei mange underlege ting, som ikkje samstavar med sanningi. Då er det, at det kristelege samhendet løyer seg opp i stridande meininger, og Kristi kyrkjelyd held på å verta eit rike, som er usamt med seg sjølv.

Imot dette heiser Paulus som merker *evangeliet*: «Men eg kunnjer dykk, brøder, det evangelium, som eg forkynnte dykk. Berre det er kjelda. Og berre det som samstavar med evangeliet, det gamle evangelium um den store nåde for den store synd, er sanning i frå Gud.

Men kva legg so Paulus i uttrykket *evangelium!*

Paulus let ingen vera i tvil um det. *Bodskapen um Kristus i hans hovudgjerning var for Paulus evangeliet.* «For eg yvergav dykk mil-lom dei fyrste ting det, som eg sjølv hadde motteke, at Kristus døyde for våre synder etter skriftene, og at han vart gravlagd, og at han er uppreist den tridje dagen etter skriftene».

Evangeliet var for Paulus bodskapen um Kristi sonande daude for syndarane våre og hans gravlegging og uppstode. Dette var det dei hadde teke imot og stod faste i og vilde verta frelste ved, so sannt dei framleides heldt fast ved det.

Evangeliet var soleis for Paulus

ikkje meir eller mindre klare tanke um Guds faderkjærleik, men det var denne faderkjærleik openberra i faste historiske hende, soningsdøden og uppstoda.

Dette evangelium var ikkje hans eigen draum. Han hadde *motteke det*. Fyrst av deim, som var hans fyrste rettleidrarar som Ananias i Damaskus, men iser av Herren sjølv, som gjennom openberring gav honom det. Han segjer um dette i Gal. 1, 11 og 12: «Men eg kunngjør dykk brøder, at det evangelium, som er forkynnt av meg, er ikkje menneskeverk; for ikkje eg heller fekk det eller lærde det av noko menneske, men ved openberring av Jesus Kristus».

Dernæst samstava dette evangelium um ein sonande frelsar som døydde og uppstod med skiftene. Sjå Ef. 53 og salme 16.

Uppstoda, det store provet på sanningi av Kristi sonande daude, umtalar Paulus dernæst serskilt. For han såg med otte, at dei heldt på å glida burt ogso frå dette.

Der var nemleg nokre som tok til å nekta den likamlege uppstoda. Det var ved påverknad av den twilande greskheidenske ånd. Me veit, at då Paulus heldt sin store tale på torget i Athen og han kom til å tala um uppstoda, då vilde dei ikkje høyra honom meir. Det var tankegrunnar, som bar imot.

Av 2 Tim. ser me, at nekting av uppstoda seinare heldt på å breida seg i Efesüs. Der var two menn, Hymenæus og Filetus, som nekta uppstoda av likamen, med di dei sa, at uppstoda alt hadde gjenge for seg. Uppstoda var, meinte dei, ikkje noko anna enn menneskja si åndelege uppreising ved Kristus.

No syner Paulus, korleis dette å nekta munnalikamen si uppstoda fylgjereft førde til nekting av Jesu uppstoda, og at dette etter like fylgjereft førde til å kasta i koll heile freleslæra. «Men er der ingi uppstoda av daude, so er Kristus heller ikkje uppstaden, men er Kristus ikkje uppstaden, so er vår forkynning fåfengd, so er og dykkar tru fåfengd.»

Difor er det no Paulus um å gjera å slå til marki denne vranglæra um, at der ikkje er uppstoda. Og det gjer han ved å prova Kristi uppstoda.

Det er historisk røynd og sanning

dette, at Kristus er likamleg uppstaden, provar han. Det er eit historisk hende.

Var no Kristi uppstoda soleis ein urugeleg kjennsgjerning, so måtte dei ikkje falla på å læra noko, som kollkasta denne kjennsgjerningi. For det vilde dei gjera dersom dei lærde, at dei daude ikkje stod upp. Som Kristi uppstoda var ei fast prova sanning, so var og uppstoda av dei daude ei fast sanning, som dei måtte lata lysa i sin herlegdom. So brukar då Paulus heile kapitelet deretter til å lata denne sanningi stråla.

Den tridje grunnsanningi Paulus peikar på er dette: *Kanning av vår vesaldom er vilkår for, at me kann få lut i dette herlege evangeliet, so det i oss kann verta ei Guds kraft og bera frukt.*

Her gjeld ikkje visdom og kunnskap, ikkje stræv og strid, men det å bøygja seg for Gud i audmjuk kanning av skuld og vesaldom.

Paulus held dette fram på den praktiske måten, at han nemner seg sjølv som døme.

Han visste seg luthavande i det vidunderlege evangeliet med den herlege Guds kraft til frelsa. Korleis hadde han fenge lut i det? Som den fatige og ringe. Ikkje medan han var den vise og sjølvsterke og åndeleg rike farisæaren, fekk han lut i det. Men då han låg audmjuk ved Jesu føter utanfor Damaskus. Då han kjende seg som den ringaste og mest overduge av apostlane, fordi han hadde gjort so stor ei synd. Då fekk han lut i evangeliet si frelsa. Då kom i evangeliet Guds frelsande kjærleik til honom. Når Guds frelsande kjærleik kjem til ein uverdig syndar, vert han kalla *nåde*. Det er som *nåde* berre Guds frelsande kjærleik kann utretta noko. Nåden lyfter ein arm syndar upp frå den djupaste lægd til den høgste høgd. Det hadde Paulus røynt.

*

Dette var kjerna og stjerna i Paulus si forkynning. Desse sanningar rekna han for hovud- og hjartesan-

gjerningsstræv og naturleg framvokster av det gode vert prist som frelsesveg. Lat ikkje dette forvirra oss. Lat oss ikkje fylgja med i den utgliding frå den gamle grunn, som gjeng for seg. Lat oss halda oss til ordet, det gamle evangelium, som enno som på Paulus si tid er ei Guds kraft til frelsa for kvar den som trur.

Johannes Barstad.

Arbeider du for Guds rike.

(Or ei preike av biskop Støylen).

Framhald frå fyrra nr.

Der hev fare folk fyrr den vegen; mangein syndar, som var likso ring og maktlaus som du og eg, er no heimkommen og vel motteken i Guds rike.

Det var ikkje deira dugleik, som førde dei fram. Det var Kristus, som greip dei. Dei kom inni livstraumen, og han førde dei vel fram

Dette er Guds storverk, og han brukar fatige syndarar til å få det fram.

Apostlane var vanlege fiskarar fleire av dei, liksom so mange her. Og syndarar var dei alle, liksom eg og du; men Kristus sa til dei: «Gakk ut i all verdi og forkynn evangeliet for all skapningen», og dei gjekk og lagde folk og land for Jesu føter.

«Men dei hadde ei sterke tru enn me», svarar nokre.

Summe tider var i allefall trui dei ra svak nok. *Jesus lasta dei for deira vantru og harde hjarta*, stend der. Dei hadde sine myrke stunder og sine tungte tvil dei med. — Det

var ein av dei, som hadde brukt sterke ord um det, at han aldri vilde sleppa Jesus. Um han so skulde døy med Jesus, vilde han ikkje sleppa han. — Og den same nattt neitta han Jesus og sanna at han aldri hadde kjennt dette mennesket!

Denne same mannen tok Jesus og gjorde til ein hovudstav i sitt rike. Det var ein kjærleik og ei makt, som kann reisa ein mann!

Der var ein annan, som ikkje ville tru, utan han fekk sjå naglegapet i Jesu hender og leggja fingeren inni naglegapet. Han var so lik oss.

Me vil heller ikkje tru ordet. Me vil sjå. Hjarta er so hardt, men Gud er god med oss. Han let *nådesoli skina*, og det harde hjarta mijuknar, og han tek det og danar det til reidskap i sitt rike. Det ser ofte underlegt ut for våre augo, men Gud kann gjera store ting med ringe reidskap.

Gud vil brukar deg med som ein arbeidar i sitt rike, kor ring og vanmekting du er, for det er Gud sjølv som i grunnen gjer arbeidet. *Me er berre hans hand og munn.*

«*Herren arbeidde med*», stend der, «og stadfeste ordet ved dei teikn, som dermed fylgde».

Um ikkje Guds kyrkjelyd i våre dagar kann rosa seg av dei store gavor, som aposteltidi åtte, so kann me då vitna, at Gud arbeider med og stadfester ordet.

Det hender no med at *sjuke folk før si helse*, når dei *truande bed for dei*. Det hender endå, at ein stum munn opnar seg, og Gud legg ein ny song på tunga, fordi sjeli er frelst og reinsa i Jesu blod. Det hender endå at *ureine andar vert drivne ut* av eit menneske. Det er meir enn ein, som ureine lyster batt, so han laut gå som ein bunden fange, når dei baud, um det so var den største skammi han kasta seg burt i. So kom Gud med sitt ord og kalla den av synd bundne sjel til seg. Han fekk sjå, at Kristi blod hadde runne for han med, og Gud elskar han og vilde hava han med inn i sitt herlege rike. Då brast bandet, dei vonde andar laut vika, og *han vart ein fri mann*. Slik er teikn nok for den, som vil taka imot ordet og tru på Kristus.

Det hender endå, at Gud friar sine born frå *dødsfære* på underfull måte.

Ein velkjend mann spurde meg, kva grunn eg hadde for den tru, at Gud var med meg og høyrd mine bøner. Denne mannen var komen burt i tvilen og burt frå Gud. Endå han var både ein klok og lerd mann, hadde han ikkje funne den beste lærdomen.

«Når eg bed til Gud, so kjenner eg, at *eg får ei ny kraft*. Han tek ikkje berre burt mine synder, men han gjev meg kraft til å utretta det, som eg aldri elles kunde makta», svara eg.

Sanneleg, det er godt å ha ein li-

Sjå!

Tone: Sangen om Jesus.

*Sjå kor vår Frelsar enn ventande står!
Høyr kor han kallar idag som igår!
Høyr kor han bed deg med røysti so blid:
kom og ver med meg til øeveleg tid!*

*Du som hev funne til Frelsaren fram,
du som er reinsa frå synd og frå skam —
du skal i livet ditt vitna det, du,
kor det er herlegt på Jesus å tru.*

*Syn deg i livet som stridsmann for Gud,
syng denne herlege bodskapen ut:
Sjå kor min Frelsar enn ventande står!
Høyr kor han kallar idag som igår!*

*Takk då min Frelsar at meg og du vann!
Takk for at etter til livet eg fann!
Takk for din kjærleik so rik og so stor!
Takk for du elskar kvar syndar på jord!*

KARL VODA.

rike frå land til land og frå det ei- ne folket til hitt.

Og me vil gjerne brukar alle dei krefter Gud gjev oss til å hjelpa syndarar inn i Guds rike. Arbeidet er stort, og vår tid gjeng fort, men Gud arbeider med. Difor skal arbeidet for Guds rike lukkast, so der tilslutt skal verta ei uteljande skare, som samlast i Guds stad.

«Dei, som du fekk løysa, skal fylgja deg glad

i rader so lange
med tonande songar
til Himmelens stad.
Til siger og sæla min Herre og Gud,
du vann det med æra,
at eg skulde vera
din himmelske brud!»

Amen.

„For riket er ditt og makti og æra i all æva.“

Etter Edvard Sverdrup.

Dette er lovsongen som Herrens bøn munnar ut i, og som skal halda fram i alle ævor.

Kunde me høyra tonane som stig upp frå alle mannabarmar yver den vide jord, for ein skiftande ljod av skrik og jamring, sukk og sorg og lengsle, av glederop og fagnadsong. Og mange når ikkje rett langt.

Der er nokre som stig høgre upp, det er bønetonane til Gud, takketone frå menneske, som hev lært å skyna, kva dei hev i Gud.

Men der er ein tone, som er av meir himmelsk art enn dei andre: *lovprisingsstonen*.

Kvifor stig denne tonen høgre upp enn alle dei andre som lerkesongen ein vårdag?

Fordi i dei andre tonane — sjølv i bøni og takki — blandar seg so mykje av vårt eige. Men lovprisingstonen syng berre um Gud.

Der er dei jordiske tonane burte. Der er berre det ævelege.

Det er gjeve oss menneske den store fyreretten å få syngja lovsongen *heilt medvite*.

Gud hev spendt bogane av sitt lovsongstempel so vidt som himmel og jord.

Alt skaparverket syng Herren sin lovsong, men det veit det ikkje sjølv.

Stjernone veit det ikkje. Blomane